



Notat

Dato: 02.02.2016
Arkivsak: 2014/10030-77
Saksbehandlar: birhau

Til:	Utval for opplæring og helse Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Proessen knytt til arbeidet med 8-13-samarbeid i Arna

Fylkesrådmannen viser til fylkesutvalet sitt møte 03.12.2015, der representanten Silje Hjemdal viste til at prosjektet PS 23/15 "8-13-samarbeid i Arna" som vart vedteke av fylkestinget i mars 2015, ikkje er inkludert i Bergen kommune sitt utkast til skulebruksplan. Hjemdal spurde kva for kommunikasjon om prosessen det har vore mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune, og kva for konsekvensar det vil gje dersom prosjektet ikkje vert gjennomført.

I fylkestingssak 23/15 «8-13-samarbeid i Arna» vart det fatta slikt vedtak:

1. *Fylkesrådmannen tilrår eit samarbeid med Bergen kommune om reguleringsarbeidet på Seimsmyrane slik at det vert tatt omsyn til eit framtidig vgs-tilbod i tilknytning til ungdomsskulen. Det vidare reguleringsarbeidet og ny bydelsplan vil avgjere om Seimsmyrane er den best eigna lokaliseringa i Arna.*
2. *Eit 8-13-samarbeid skal avgjerast etter at reguleringsarbeidet på Seimsmyrane er avslutta.*
3. *Eit 8-13-samarbeid på Seimsmyrane skal utgreiast vidare med Bergen kommune innanfor ramma av følgjande samarbeidsmodellar:*
 1. *Samlokalisering: Skuleeigarar som no, ulike bygg for grunnskule og vidaregåande opplæring i felles nærrområde.*
 2. *Sambruk: Skuleeigarar som no, men samarbeidsavtale om bygg med funksjonar i fellesskap som til dømes kantine, spesialrom, fellesrom.*
 3. *Samorganisering: Felles bygg og felles opplæringsverksemd gjennom samarbeidsavtale mellom kommune og fylkeskommune. Arbeidsgjevaransvar som no, men samarbeid om kompetanse (disponering av personalet og kompetanseutvikling).*
 4. *Forsøk med 8-13-skule med ein felles skuleeigar og arbeidsgjevar for både grunnskule og vidaregåande opplæring.*

I høyringsutkast til skulebruksplan for Bergen kommune 2016-2030 s 84 og 85 står det om Arna bydel:

« I forrige plan ble det vedtatt å starte planlegging for en ny ungdomsskole på Seimsmyrane. Hordaland fylkeskommune har den 11.3.2015 fattet følgende vedtak om Seimsmyrane: «Fylkesrådmannen tilrår eit samarbeid med Bergen kommune om reguleringsarbeidet på Seimsmyrane slik at det vert tatt omsyn til eit framtidig vgs-tilbod i tilknytning til ungdomsskulen. Det vidare reguleringsarbeidet og ny bydelsplan vil avgjere om Seimsmyrane er den best eigna lokaliseringa i Arna» I tillegg har fylkestinget vedtatt følgende i samme sak: «Eit 8-13-samarbeid skal avgjerast etter at reguleringsarbeidet på Seimsmyrane er avslutta». Kommunens siste vedtak knyttet til ny skole på Seimsmyrane finner en i byrådssak 1130-15, den

13.4.2015 der det i vedtaket fremgår: «Før planforslaget for Arna, (henvisning til reguleringsplan ID), kan leggjast ut til offentlig ettersyn ber byrådet om at det vert omarbeidd for å leggja til rette for samlokalisering av ungdomsskule og vidaregåande skule. I tillegg ble det vedtatt at planforslaget skal utarbeides i nær dialog med Hordaland Fylkeskommune.» Ungdomstrinnet på den nye skolen skal etter planen erstatte begge de nåværende ungdomstrinnene i bydelen, Ytre Arna og Garnes ungdomsskole. Hordaland fylkeskommune må fatte vedtak om en eventuell vidaregåande skole når reguleringsplanen er ferdigstilt.»

Som det går fram av skulebruksplanen for Bergen kommune, har byrådet bede om at planforslaget for Arna vert omarbeidd for å leggje til rette for samlokalisering av ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. Prosessen med utgreiing av nytt planforslag pågår framleis. Det er gjennomført fleire møte mellom planavdelinga i Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune om nytt planforslag. Frå Hordaland fylkeskommune har representantar frå regionalavdelinga, eigedomsavdelinga og opplæringsavdelinga vore med i dialogen.

Slik vedtaket i fylkestinget pkt 3 seier skal eit 8-13-samarbeid avgjerast etter at reguleringsarbeidet på Seimsmyrane er avslutta. Dette inneber å ta stilling til kva samarbeidsmodell som kan leggjast til grunn, og i kva grad det skal vere samorganisering, jf. modell 1-4. Fylkesrådmannen vil kome attende til denne saka når reguleringsplanen vert lagt fram. For Hordaland fylkeskommune har det vore eit viktig omsyn med tanke på ny skule i Arna at skulen har sentral plassering nær trafikkknutepunkt. Ein konsekvens av eventuelle ulike lokasjonar for ungdomsskule og vidaregåande skule i Arna kan vere at dei skisserte samarbeidsmodellane, jf. vedtaket pkt 3, vert mindre aktuelle. Samarbeidstiltak for auka gjennomføring og styrking av samanhengen i det 13-årige skuleløpet er viktig uavhengig av samlokalisering.

Slik det er omtala i fylkestingssak 23/15 «8-13-samarbeid i Arna», er hovudmålsetjinga med ein 8-13-skule auka gjennomføring i vgs og betre læringsutbytte for alle.

Parallelt med planarbeidet knytt til Seimsmyrane har Opplæringsavdelinga hatt kontakt og samarbeidsmøte med Bergen kommune, Byrådsavdeling for barnehage, skole og idrett (BBSI). Hordaland fylkeskommune vil som ledd i arbeidet med auka gjennomføring styrke samarbeidet med kommunar gjennom ulike tiltak. Som skuleeigar ønskjer HFK å bidra til at samarbeid mellom vidaregåande skular og ungdomsskular vert utvikla vidare for at elevane skal oppleve god overgang til vidaregåande opplæring. Det er t.d. inngått samarbeidsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Austrheim kommune (jf. referatsak utval for opplæring og helse).

Ungdommens bystyre er oppteken av overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule, og i bystyret 21.10.15, sak 222/15 vart «Egeninitiert forslag fra Ungdommens bystyre om overgangen fra ungdomsskole til vidaregåande» handsama. Saka tek for seg ulike tiltak for å betre overgangen mellom dei to skulenivåa og mogelegheit for eit samarbeid med Hordaland fylkeskommune om oppfølging av elevane før og etter denne overgangen.

Av saksframlegget går det fram at eit 8-13-samarbeid kan vere ei god løysing for å betre samhandlinga mellom grunnskule og vidaregåande skule. Det eigeninitierte framlegget frå Ungdommens bystyre har mange samanfallande mål og tiltak som ein ser for seg at eit 8-13-samarbeid også vil ivareta.

Det har vore dialog mellom opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune og byrådsavdeling for skole i Bergen kommune om oppfølginga av Ungdommens bystyre sitt initiativ. Initiativet vil truleg verte følgt opp gjennom eit prosjekt der både Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune deltek saman med representantar for Ungdommens bystyre.